

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
106/2015	Formannskapet i Radøy	PS	17.12.2015

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	15/1654	15/13399

### Kulturminnefondet 2015 - fordeling av midlar

#### Saksopplysingar:

##### Bakgrunn

Midlar frå Radøy kommune sitt kulturminnefond skal nyttast til å ta vare på verdifulle og verneverdige kulturminne i kommunen. Det er avkastninga på fondet som kan nyttast, og denne er for 2015 stipulert til å verta 33 000 kroner.

Statuttane for kulturminnefondet slår fast at Radøy kommune sitt kulturminnefond skal nyttast til å ta vare på verdifulle og verneverdige bygningar, kulturmiljø og andre typar kulturminne i Radøy kommune. Vidare skal kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan, kulturplan og kommuneplan prioriterast ved tildeling av midlar frå fondet. Midlane frå fondet skal løyvast til prosjekt som vil eller har utløyst eksterne midlar frå andre offentlege instansar og/eller private verksemder. Det kan berre i særlege høve også løyvast midlar til prosjekt som ikkje utløyser andre midlar. Søknadene vert vurderte etter desse tre kriteria. Rådmannen legg også vekt på at arbeidet skal utførast etter antikvariske prinsipp, og gjerne i tett dialog med kulturverntenesta i Nordhordland eller andre faginstansar.

Det er i år kome inn søknader på fire prosjekt. To av søkjarane har fått midlar frå Radøy kommune tidlegare til same prosjekt, éin har tidlegare fått avslag medan éin er ny søkjar.

#### Vurdering av søknadene

##### 1. Kvernhus på Marås

Arne Marås søker om kr. 25 000 til restaurering av eit kvernhus på Marås. Totalkostnaden for prosjektet er kr. 172 500. Det er også sendt inn søknad til Hordaland fylkeskommune og Norsk kulturminnefond.

Kvernhuset med murar og slok er godt bevart, men treng omfattande restaurering. Det er i denne omgang planar om tiltak som bergar huset og innreiinga. Stemma og slok vert tatt seinare.

Rune Revheim er ansvarleg for prosjektet. Han har lang erfaring med restaurering av eldre bygningar i vårt distrikt, og sørger for at prosjektet vert utført på ein måte som er i tråd med antikvariske prinsipp.

Det er relativt få kvernhus att på Radøy, og rådmannen meiner at det er viktig å ta vare på dei som er att. Kvernhuset er ikkje omtala i kommunale planar, men på grunn av verneverdi og formidlingspotensiale er det sannsynleg at det vil verta prioritert i kulturminneplanen. Kvernhuset ligg langs Kleppelva på Marås, like ved veggen til Stemhaugane som er ein mykje nytta turveg.

Kvernhuset ligg lett synleg for turgåarar, noko som er med og aukar kulturminneverdien på bygget.

Det hastar med å få sett i gang tiltak om kvernhuset skal reddast. Rådmannen rår difor til at prosjektet får kr 23 000 i støtte frå kulturminnefondet.

## **2. Brygge ved naust i Mangersvågen**

Jan Erik Ottesen søker om kr 35 000 til restaurering av brygga ved lensmannsnaustet i Mangersvågen. Søklar har tidlegare søkt om støtte frå Hordaland fylkeskommune til tiltaket, men fekk avslag på grunn av at tiltaket ikkje er i tråd med antikvariske prinsipp. Jan Erik Ottesen søkte seinare, i 2013, Radøy kommune om støtte frå kulturminnefondet. Radøy kommune gav avslag sidan prosjektet i følgje fylkeskommunen ikkje følgde antikvariske prinsipp og dermed ikkje utløyste midlar frå Hordaland fylkeskommune si tilskotsordning «Vern og vøl».

Jan Erik Ottesen har sendt inn søknaden på ny og ber om ei ny vurdering av planane. Rådmannen har vore i kontakt med Hordaland fylkeskommune og bede om uttale til planane. Hordaland fylkeskommune uttalar seg positivt til planane og meiner at ein bør sjå pragmatisk på denne type prosjekt og ikkje stilla for strenge krav til objekt som ikkje er freda. Det å sikra dei første steinane med boltar vil vera ei fornuftig løysing, i følgje fylkeskommunen. Dei viser også til at dette vil gro til og ikkje vera synleg etter kort tid.

Dette betyr likevel ikkje at fylkeskommunen meiner at prosjektet er tilskotsverdig frå deira støtteordningar. Spørsmålet er såleis om Radøy kommune vil gje støtte til eit prosjekt som kanskje ikkje utløyser eksterne midlar, slik ein i følgje statuttane for kulturminnefondet kan gjera i særlege høve. Då fagpersonar hjå fylkeskommunen går god for planane, meiner rådmannen at Mangersvågen sin svært høge verdi som kulturmiljø gjer at prosjektet bør prioriterast jamvel om det kanskje ikkje utløyser eksterne midlar. Rådmannen rår til at gjeve 10 000 kroner i støtte til brygga ved lensmannsnaustet. Det bør vera ein føresetnad for tilskotet at ein går for alternativ B i søknaden (bruk av boltar, men ikkje betong), og at Radøy kommune får høve til å følgja arbeidet, slik fylkeskommunen rår til.

## **3. Løe Mjøs**

Mona Steiner Brekkan og Bjørn Brekkan søker om 145 000 kroner til restaurering av tak og veggjar i ei grindverksløe på Mjøs. Totalkostaden for denne delen av prosjektet er 362.000 kroner. Søklarane har tidlegare fått kr 50 000 i støtte frå Radøy kommune sitt kulturminnefond, 55 000 kroner i støtte frå Hordaland fylkeskommune og kr 103 000 kroner i støtte frå Norsk kulturminnefond. Midlane som vart gjeve frå Radøy kommune gjeld restaurering av heile løa.

Løa som dei søker midlar til å få restaurert er ei grindverksløe med flotte murar. Planane er at løa skal framstå som i dag utvendig. Innvendig ynskjer dei å modernisera den og ta den i bruk til mellom anna kursverksemd. Det er svært positivt at ein finn alternative løysingar for bruk av eldre bygningar, og at ein nyttar dei også i andre næringar enn dei tradisjonelle.

Det er fleire slike steinløer på Radøy, men storleiken på denne gjer at den er spesiell. Rådmannen vurderer difor bygget i seg sjølv til å ha høg, lokal verneverdi. At søklar har planar om å ta løa i bruk i næringsamheng tel også positivt. Løa er per i dag ikkje prioritert i kommunale planar, men det er sannsynleg at den vert trekt fram i kulturminneplanen.

Statuttane for kulturminnefondet set ei grense for støtte på 35 % av totalkostnaden for prosjektet, men seier ikkje noko om at ein søklar ikkje kan få støtte frå fondet fleire gonger. Søklar har som nemnd tidlegare fått 50 000 kroner i støtte frå Radøy kommune, noko som utgjer 4 % av totalkostnaden på kring 1 200 000 (kostnad henta frå kostnadsoverslag ved søknad til vern og vøl

2012). Svært avgrensa midlar til utdeling gjer likevel at rådmannen rår til at søknaden vert avslått.

#### **4. Løe Tveiten**

Solveig Sævdal søker om kr. 20 000 til restaurering av muren i løa på gnr. 40/1 Åsen på Øvre Tveiten. Totalkostnaden er stipulert til 272.343 kroner. Hordaland fylkeskommune har tidlegare gjeve 20 000 kroner i tilskot til dette prosjektet, Norsk kulturminnefond 70 000, Stiftelsen UNI 70 000 og Radøy kommune 40 000.

Løa i Åsen på Øvre Tveiten er ein del av eit kulturmiljø med ei lemstove truleg frå 1700-talet, kårbustad frå 1800-talet, eit våningshus frå tidleg 1900-tal og ein eldre potetkjellar. Alderen på løa er uviss, men det er sannsynleg at den er frå 1700-talet. Løa er saman med resten av tunet tatt med i kulturhistorisk vegbok for Hordaland. Der kan me lesa at «Løa er bygd i grindverk, med steinmurar langs heile sør- og vestveggen og ein del av nordveggen. I tillegg er kjellaren med den opphavlege floren, og eit tilbygg mot aust, i tørrmur. Stavkonstruksjonen med sidesvaler og murte yttervegger er eit svært alderdommeleg trekk og det er sjeldan å sjå i dag. Det er også uvanleg å finna ei såpass lang løe som står med gavlen ut mot dalen.» Det er torv på taket, noko som i dag er sjeldan.

I dag er det setningar og sig i søre langveggen og det er behov for omfattande istandsetting av muren på eine langveggen. Haakon Aase har laga ein rapport som viser kva som må gjerast, samt eit kostnadsoverslag.

Kulturmiljøet, som løa er ein del av, er unikt i Radøy, og vert vurdert til å ha svært høg verneverdi på grunn av heilskapen i tunet, alder og autensitet. Løa på Tveiten er eit svært viktig kulturminne i Radøy kommune, og det er avgjerande for å ta vare på bygget at ein får sett i stand muren. Søklar har knytt til seg fagpersonar med antikvarisk kompetanse.

Statuttane for kulturminnefondet set ei grense for støtte på 35 % av totalkostnaden for prosjektet, men seier ikkje noko om at ein søklar ikkje kan få støtte frå fondet fleire gonger. Søklar har som nemnd tidlegare fått 40 000 kroner i støtte frå Radøy kommune, noko som utgjer 16,7 % av totalkostnaden. 70 % av prosjektet er no finansiert med eksterne midlar. Då det er lite midlar til fordeling i kulturminnefondet, rår rådmannen til at søknaden vert avslått.

#### **Konklusjon**

Det er kome inn søknader om tilskot til fire prosjekt som alle har høg kulturminneverdi.

Rådmannen rår til at Arne Marås får 23 000 kroner i tilskot til restaurering av kvernhuset på Marås, då det hastar med å få sett i gang restaurering, og at Jan Erik Ottesen får 10 000 kroner i tilskot til restaurering av brygga ved lensmannsnaustet i Mangersvågen.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Arne Marås får 23 000 kroner i tilskot til restaurering av kvernhuset på Marås.

Jan Erik Ottesen får 10 000 kroner i tilskot til restaurering av brygga ved lensmannshuset i Mangersvågen. Det er eit vilkår for tilskotet at alternativ B i planane vert følgd, og at Radøy kommune får høve til å følgja arbeidet.

## **Formannskapet i Radøy - 106/2015**

### **FS - handsaming:**

Vidar Grindheim (H) ønskjer større fokus på bruksrett og allemannsrett for tiltak som får kommunal støtte.

*Det vart sett fram følgjande felles tilleggsframlegg:*

Sak om revisjon av statuttane for kulturminnefondet vert lagt fram til politisk handsaming til våren.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med tilleggsframlegg sett fram i møtet.

### **FS - vedtak:**

Arne Marås får 23 000 kroner i tilskot til restaurering av kvernhuset på Marås.

Jan Erik Ottesen får 10 000 kroner i tilskot til restaurering av brygga ved lensmannshuset i Mangersvågen. Det er eit vilkår for tilskotet at alternativ B i planane vert følgd, og at Radøy kommune får høve til å følgja arbeidet.

Sak om revisjon av statuttane for kulturminnefondet vert lagt til politisk handsaming til våren.

### **Vedlegg:**

Statuttar for Radøy kommune sitt kulturminnefond

Søknad Kvernhus Marås

Tilstandsrapport og restaureringsplan Kvernhuset på Marås

2. Søknad - brygge Mangersvågen

Vurdering av søknad Mangersvågen

3. Søknad Mjøs

Vedlegg Mjøs

Epost Roald Landøy benyttet som vedlegg

Grindlce tilstandsvurdering

Huset SEFRAK

Kalkyle for lcebygning(1)

Kostnadsoverslag

Kulturminnefond søknad samlebilder 1

Lca i SEFRAK

Mjøs grindlce detaljar komprimert ny

Mjøs grindlce detaljar

Skisse

Tildelingsbrev Norsk kulturminnefond 1 001

Tildelingsbrev Norsk kulturminnefond 2 001

Tildelingsbrev Norsk kulturminnefond 3 001

4. Søknad om tilskot - Øvre Tveiten

Soknadsskjema Øvre Tveiten

Vedlegg Øvre Tveiten